Vestland fylkeskommune

Avdeling for
**Infrastruktur og veg (INV)**


| | |
|---|---|
| **Dato** | 06.07.2022 |
| **Vår referanse** | 2022/66281-3 |
| **Dykkar referanse** | |
| **Sakshandsamar** | Lillian Bakke Byrknes |
| **E-post** | Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no |
| **Telefon** | 45638702 |

HAMMAR-KAMERATANE AS
HELLA 60
5936 MANGER


# Førebels svar - Søknad om endra eller utvida bruk av avkøyrsle - fv. 5484 - gnr. 428 bnr. 107 - Alver kommune

Vi viser til søknad om utvida bruk av avkøyrsle datert 22.06.2022.

Det er søkt om utvida bruk av avkøyrsle for å oppføre ein einebustad på eigedom gnr. 42 bnr. 107. I søknaden står det at det er søkt om dispensasjon frå byggegrense til fylkesveg, men vi har ikkje motteke den. Det står også at det skal søkast om dispensasjon frå arealføremål til Alver kommune.

Før vi behandlar søknad om utvida bruk av avkøyrsle etter veglova, er det behov for avklaringar rundt tiltaket etter plan- og bygningslova (pbl) og andre relevante lovverk som kommunen forvaltar.

Eigedomen ligg i område avsett til LNF-føremål og det er difor naudsynt med dispensasjon frå arealføremål. Vi ber difor om at tiltaket vert avklart med kommunen før vi behandlar søknad om utvida bruk.

Det er opplyst i søknadsteksten at eigedomen vart frådelt som bustadeigedom i 2004, då er det moglegheiter for at eigedomen har eit avkøyrselsløyve etter frådelinga, som er noko søkar/tiltakshavar bør undersøke.

Med helsing

**Kari Elster Moen**
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*